

Oslo, 10. november 2006

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Høyringsfråsegn til «Forslag til faglige retningslinjer for utarbeidelse av fylkesvise planer for småkraftverk»

Vi viser til pressemelding datert 11.9.2006 der Olje- og energidepartementet ber om kommentarar til høyringsutkast til retningslinjer for fylkesvise planer for småkraftverk.

Generelt

Vi meiner at NVE, DN og andre faginstansar har gjort eit godt faglig arbeid, og retningslinene gir eit godt utgangspunkt for samordna planlegging av småkraftverk på fylkesnivå, men vi har nokre generelle kommentarar.

Svak framdriftsplan

Det som uroar oss mest er framdriftsplanen. Når fylkesplanane blir klare i 2009 kan mange småkraftverk ha fått konsesjon utan at dei har inngått i samla planlegging. Framdriftsplanen hindrar med andre ord at situasjonen kjem under kontroll.

Vårt primære krav er at alle utbyggingsprosjekt blir lagt til sides inntil det er laga fylkesvise planar. Ei utsetjing på 2 – 3 år er lite, samanlikna med at viktige miljøverdier kan gå tapt.

Eit (dårlegare) alternativ er at NVE får pålegg om å vurdere søknadene i ein kommune eller eit større samanhengande område i kommunen, i samanheng og etter dei retningslinene som NVE har gjort framlegg om i høyringsdokumentet. Utvalet av slike område kan følgje retningslinene i kap. 5.

Verna vassdrag

Slike vassdrag er i utgangspunktet verna. Prinsipielt bør det ikkje vera tillatt med småkraftverk i slike vassdrag, og det må i alle høve bli sett strengare krav i fylkesplanane for utbygging i verna vassdrag.

I prosessen med å etablere fylkesplanar, må det også vera eit krav at alle utbyggingsprosjekt i verna vassdrag må vente på behandling til arbeidet med å lage fylkesvise planar er på plass.

Støtteordning for fornybar energi

Vi er prinsipielt mot at vasskraft blir omfatta av denne støtteordninga. Dersom vasskraft likevel blir omfatta av støtteordninga, må det vera eit minimumskrav at ordninga for vasskraft ikkje trer i kraft før dei fylkesvise planane er på plass.

Kraftliner

Vi kan ikkje sjå at kraftliner er teke med som eit spesielt problem i samband med småkraftverk. Kraftliner representerer store inngrep i naturen, og kan få alvorlege virkningar, ikkje minst når det gjeld fugl. Nettilknytning for småkraftverk og eventuell forsterking av nettet må bli vurdert som ein integrert del av dei fylkesvise planane for småkraftverk. Krav om bruk av jordkabel er t.d. tema som må bli vurdert.

Konkret gjennomgang av høyringsdokumentet

Vi har ein del konkrete forslag til endringar. For å gjera fråsegna oversiktleg, ønskjer vi å kommentere side for side i forslaget til retningsliner.

Side 5, oppsummering:

Vi stiller spørsmål om ikkje "Fiske" som næring bør vera med som eit sentralt tema for virkningar for av småkraftverk (nytt punkt etter Reindrift.) I mange vassdrag er fritidsfiske eit vesentleg moment i naturbasert reiseliv, spesielt når det gjeld laks.

Side 6 og 7, om framdrifta av arbeidet:

Vi meiner *prinsipielt* at all løpande konsesjonsbehandling bør bli stansa inntil det er laga fylkesvise eller kommunevise planar for utbygging av småkraft, elles kan ein risikere at feil prosjekt blir realisert, ut i frå eit synspunkt som sumvirkningar m.m.

Subsidiært stør vi tanken om å plukke ut område med stort utbyggingspotensiale og spesielle planleggingsbehov først. I slike område må ein stanse den løpande konsesjonsbehandlninga. Samtidig kan ein tillate enkeltvis behandling i andre område der det er få aktuelle prosjekt, inntil også desse områda kan bli underlagt behandling i høve til fylkesvis plan.

Naturvernforbundet går likevel mot å peike ut spesielle prøvefylke, då dette kan føre til at vi mistar verdfull tid for etablering av fylkesplanar i andre fylke. Dersom ein skulle gå inn på slike tiltak, må løpande konsesjonsbehandling bli lagt på is i dei fylka som ikkje blir peika ut som prøvefylke. Framdriftsplanen på side 7 er for lite ambisiøs, og lite egna til å få situasjonen under kontroll.

Vi meiner også at miljøvernorganisasjonane bør bli inviterte med i referansegruppa for prosjektet.

Side 9:

Naturvernforbundet stiller seg utforståande til at det ikkje skal gjennomførast konsekvensutgreiingar.

Retningslinene bør innehalda kriterier for at eit område er uegna.

Side 10 andre avsnitt:

For å kunne vurdere kva område der det ikkje er særleg konfliktpotensial, må ein i prinsippet gjennomføre ein planprosess med høyring av fleire instansar. Vi har difor vanskar med å forstå kva som er meint med denne formuleringa. Vi vil samtidig peike på at også reiselivsnæringa må inn i denne prosessen. Dei siste åra har reiselivsnæringa i aukande grad lagt vekt på naturbasert reiseliv / økoturisme.

Side 11, nest siste avsnitt:

I tillegg til dei organisasjonane som er nemnde, bør også reiselivsnæringa inn som deltakarar i identifisering av planområda.

Side 12:

Vi ønskjer å gje honnør til eit godt arbeide og formuleringar når det gjeld landskap.

Side 14, slutten av andre avsnitt:

Naturvernorganisasjonar, reiselivsnæringa og turistorganisasjonar bør nemnast som deltakarar i planprosessen.

Side 14 og utover:

Vi vil slutte opp om og understreke kor viktige slike vurderingar er, og vil gjerne gje honnør til arbeidet som er gjort med høyringsutkastet her.

Vi vil spesielt peike på INON-områda, og foreslår å auke vektlegginga på INON. Dette kan bli uttrykt slik: «Reduksjon av INON-område bør ikkje bli akseptert».

Side 16, biologisk mangfald:

Her vil vi reise spørsmål om krav til kunnskap.

Omsynet til raudlista artar kan bli nokså teoretisk dersom det ikkje kjem krav om grundig leiting for å slå fast om slike finst i vassdraget eller ikkje.

Retningslinene må innehalda krav om kvaliteten på kunnskapsgrunnlaget, eller å bruke føre var-prinsippet, slik at indikasjonar på truga artar gjennom visse natur- og vegetasjonstypar tel som om artane er dokumenterte.

Side 32 - 32:

Vi vil understreke det som står om sumvirkningar, ikkje minst for fjordlandskap.

Side 34:

I nest siste kulepunkt: «Vurderingar og uttalelser fra kommuner og fylkeskommuner bør vei særlig tungt i totalvurderingen». Her ber vi om at NGO-ar, som naturvern-, friluftsliv- og reiselivsorganisasjonar blir føyd inn, saman med kommunar og fylkeskommunar.

Side 36, øvst på sida, sitat frå vassressurslova i kursiv:

Vi meiner at innhaldet i dette sitatet prinsipielt også bør gjelde for dei fylkesvise planane for småkraftverk.

Side 45 andre avsnitt:

Vi ber om at heile avsnittet blir endra til:

«Prosjekter som helt openbart ikkje er i tråd med de rammer og krav som planane fastsetter skal avslås.»

Det må eventuelt vera utbyggjars oppgåve å koma attende med eit nytt prosjekt i tråd med dei rammer og krav som planane føreset.

Side 46, første avsnitt, om behovet for ny energi:

Vi er sterkt mot ei formulering som i prinsippet uttrykker at behovet for ein god planprosess for å verne viktige interesser for naturmiljø m.m. skal skyvast til sides av eit behov for rask tilgang på ny energi.

Naturvernforbundet har fleire gongar peika på det store potensialet som ligg i energisparing og arbeid for å frigjere oss frå elektrisitet, både i hushaldningar, industri og anna næringsverksemd. Tilsvarende sparepotensiale har komme fram frå Enova. Ut i frå dette går vi mot å bruke behovet for tilgang til ny energi for å ta lettvint på ein naudsynleg planleggingsprosess for småkraftverk.

Ei utsetjing på eit par år for utbyggingsprosjekt er ein liten pris å betale for å sikre seg mot at verdfulle natur- og miljøverdiar går tapt.

Side 47, kapittel 9:

Vi har tidlegare i fråsegna uttalt oss mot å velja ut prøvetryk, mens den løpande konsesjonsbehandlinga går vidare i andre fylke, ut i frå at dette vil forseinka planprosessen.

Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland blir nemnde, og då blir spørsmålet om behandlinga skal halda fram i andre fylke som også har store utbyggingspotensiale, som t.d. Sør- og Nord Trøndelag, Hordaland, Rogaland og Agderfylka.

Vi meiner det er viktig å koma i gang så raskt som mogleg, og ser fortsatt våren 2009 som alt for lite ambisiøs, med mindre ein samtidig går inn for å stanse den løpande konsesjonsbehandlinga mens planprosessen er i gang.

Med så lang tidshorisont er vi engstelege for at viktige verdiar for natur, miljø, friluftsliv og reiseliv kan gå tapt under planprosessen.

Med helsing

Lars Haltbrekken
Leder

Tore Killingland
Generalsekretær